

Nordherad, eldre bustadhus under nig. Kvarberg

Av Knut Raastad, 2017



Hans Hesthagen

Hans Knutsen Hesthagen var son til Knut Syversen Hestehagen 1876-1966 og kona Rønnaug Hansdotter Nystuen 1875-1924. Systera Ragnhild f.1896 g.m. Hans Olsen Sveen 1892-1979 bygde opp Fjellheim og broren Knut 1903-1969 flytte seinare dit og bygde seg eige hus.

Hesthagen låg under nigard Kvarberg. Etter utskiftinga av Kvarbergsgardane som vart ferdig i 1940 kom Hesthagen under uppigard. Hans Hesthagen f.1898 flytte stugu til ovanfor Resvold (ved huset til Ragnar Grøsland), huset stod der til ca. 1970. Hans flytte til Fjellheim ca. 1970. Stugu kom til Skogvang.

Kjelder:

Olav Kvarberg
Asbjørn Kvarberg

Knut og Marit Brenden

Knut Olsen Brenden (frå Brenna på Tessanden) 1860-1948 og kona Marit Hansdotter Eklebakken 1860-1947 (frå Lom) budde siste del av livet i ei stugu utanfor øvre Nordheradsvegen like ved nedkjøringa til Resvoll (på austsida). I 1900 budde familien på søre Ulsanden og åra før i Arnestugu ved Vetlesæter. Seinare var dei på Brattlandhaugen. Dei hadde 4 barn:

Elias f.1886
Iver f.1887
Olea 1891-1975, g.m. Ola Erlandson Løkken. I Hummelgarden.
Ole f.1900

Kjelder:

Asbjørn Kvarberg

Rønnaug Raastad

Rønnaug Pedersdotter Spellemannsstuen 1863-1950 var dotter til Peder Hanssen Spellemannsstuen (på baksida ved bruа på Lalm) f.1835 og Mari Pedersdtr. f.1836. Rønnaug var gift med Ola Anderssen Raastad sygard 1855-1928. Rønnaug og Ola var tidlegare på Blessom, Råstadplassen og Råstadlykkja. Ola Raastad var bror til Pål på nigard Kvarberg. Truleg var det etter at ho vart enkje at Rønnaug fekk bygd denne stugu. Rønnaug og Ola Raastad hadde ikkje barn, men dotter til syster hennar voks opp hjå dei.

Det var Kristian Mo 1905-1986 som overtok dette huset. Mor hans var gift med Iver Raastad som var bror til Ola Raastad og Pål på nigard Kvarberg. Kristian Mo flytte dit først på 1960-talet og budde der til han kjøpte huset til Syver Grevrusten i bakkane ovanfor.

Dette huset ligg like aust for nyhuset som Gunnar Resvold sette opp i Resvoll, og han brukte det til snikkarverkstad. Huset skal vera ei stugu frå Felleselykkja.

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg 2000: Slektene i Vågå og Lom: Slektene på Fellese med Sygard Raastadrekken
Olav Kvarberg